

Olav Thorsheim  
Vassbygdvegen 484  
5912 Seim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8013 - 23/60154

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
26.07.2023

## **Landbruksak, gbnr. 181/1 og 206/1 og 4 - Kålås og Thorsheim - skadefellingsløyve hjort - vedtak**

**Administrativt vedtak: Saknr: 799/23**

### **VEDTAK:**

Med heimel i naturmangfaldlova § 18 fjerde ledd gjev Alver kommune med dette Olav Thorsheim og Terje Økland, gbnr: 181/1 og 206/1 og 4, Kålås og Thorsheim løyve til felling av 5 skadegjerande hjort.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Der vert gitt løyve til uttak av 2 kalvar, 2 fjorkoller og 1 hanndyr. Kalv kan fellast i staden for vaksne dyr av begge kjønn ved behov.
- Fellingsløyve er gjeldande på innmark med grasproduksjon når skade kan påvisast og uttaket skal skje på det spesifikke området der skaden skjer.
- Løyve er gjeldande fra 26. Juli 2023 til 2. slått er ferdig.
- Felling av dyr meldes snarast råd til viltansvarleg i kommunen på mail. Sluttrapport fra grunneigar sendes til kommunen seinast 10. September 2023.
- Uttaket skal skje av flokkar av hjort og ikkje enkelt dyr.
- Uttaket skal mest mogleg koncentreras på bruk 206/4.
- Forhandsavtale om tilgang til godkjent ettersøks hund skal vera inngått før felling vert utført.
- Dyret tilfall valdet og vert trekt frå vanleg fellingskvote. Det krevjast at valdet har tilsvarende kategori dyr på sin fellingskvote.
- Uttaket skal følgje dei ordinære krava til jaktutøving i viltlova med tilhøyrande forskrifter.

Grunnjeving for løyve går fram av saksutgreiing og vurdering.

### **Saka gjeld:**

Olav Thorsheim og Terje Økland søker i fellesskap i mail dagsett 25.07.2023, om løyve til skadefelling av hjort på gardsbruk 181/1 og 206/1 og 4. På desse brukene er det gjort beite


skadar av hjort i større og mindre grad på grasavling. Områda er belasta av skada av hjort både vår og sommar.

På bruk 206/4 blir det observert flokkar på mellom 3 til 9 dyr. Fast står der ei familiegruppe av kolle, fjorkolle og kalv.

På 206/1 står det fast ei kolle og fjorkolle pluss sporadisk tilgang av ytterlegere dyr.

På 181/1 går fast 2 dyr og ytterlegera sporadisk tilgang av flokkar av hanndyr som tar opphold i 2 til 3 dagar.

Det har vert høgt nivå av skada dei tidlegera åra. Der er ikkje søkt om skadefelling før.



Figur 1: oversiktskart vedlagt søknad.

#### VURDERING:

Naturmangfaldlova § 18 fjerde led gje kommunen ret til å gje løyve til uttak av hjortevilt som gjer skade på objekt definert i § 18 første led bokstav b.

Prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, jamfør Naturmangfaldslova § 7.

Prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Igjenom fleire år har det i dei gamle kommunane som utgjer Alver kommune vore sett tendensar til auke i hjortebestanden og beiting av hjort påfører jordbruksbetydende økonomiske tap mange stader i kommune. Like eins er stor bestand ein vesentleg hindring for kvalitetsmessig forynging av skog og oppfylling av foryngingsplikten i skoglovas §6 samt at det kan utvikla seg til ein fare for naturmangfaldet gjennom overbeiting. Hjortebestanden har skeiv kjønnssamansetting og reduserte slaktevekt bland kalv. Landbrukskontoret vurderer kunnskapsgrunnlaget om hjortebestanden som middels. Alver kommune har 25.06.2020

markant redusert minstearealet for hjort for å heva avskytinga i området og i sesong 2021 endra samansetninga i uttaket radikalt i retning av hodyr. I betydeleg grad utøvast hjortejakta i kommunar som bø jakt til vern av avling og for å ta ut problemdyr i ordinær jakttid. I 2022 reduserte Alver kommune på nytt minsteareal for hjort.

Det vert oppfordra til at ein startar med uttak av kalvar. Då uttaket skal skje av flokkar av hjort og ikkje enkelte dyr vil der i desse flokkane alltid være kalv å ta ut og dermed oppnå stor skremmingseffekt av resten av flokken grunna mor dyr/ kalv bindinga. Ved uttak av fjorkoller skal der utvisast stor forsiktigkeit.

Slåttemarka på 206/4 frem står veldrevet, gjødsla og av høy verdi. Skada på avling vurderast som høgt.

Områda ligger i Thorsheim/ Kålås/ Leivestad hjortevald 4631V0075. Olav Thorsheim er vald leiar. Dei siste 3 åra har hjortevalda hatt høg fellingsprosent med ei fall i sesong 2022.

Hjortevaldet har dei siste to sesongar blitt tildelt løyver etter hann/ho/kalv: 10/45/45 for å retningsbestemme uttaket mot produksjonsdyr og kalvar.

Hjortevaldet er i fellesskap med nabovalda Heggertveit/ Heggernes hjortevald og Høyland/ Myhr hjortevald, i høg grad belasta av skada av hjort. Alle tre hjortevald får tildelt løyver etter hann/ho/kalv: 10/45/45 og leverer nesten 100% felling kvert år. Kommunen bruker ved tildelinga maksimalt bruk av 50% regla.

Uttaket vil ikkje ha negativ innverknad på hjortebestanden.

Det vert synfaring av kommunal viltforvaltar i veke 30.

### **Regelverk**

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfold.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/60154

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Olav Thorsheim  
Terje Økland

Vassbygdvegen 484      5912      Seim